

Førde, 15.09.2011

NVE
Konsesjonsavdelinga
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Dykkar ref.: NVE 200901128-54 kv/jaso

Tilleggsfråsegn: Søknad med konsekvensutgreiing for Breim kraftverk i Gloppen kommune, Sogn og Fjordane fylke

Vi viser til høyringsbrevet dykkar med vedlegg, til anna saksmateriell som vi har lasta ned via internett, og til den førebels høyringsfråsegna vår av 23.05.2011.

Dessverre er saksmengda vår, særleg gjeld det saker frå NVE, så stor at den overstig sakshandsamingskapasiteten vår. Derfor maktar vi ikkje å skrive ei fullstendig høyringsfråsegn no heller. Den førebels fråsegna vår av 23.05.2011 må derfor bli vår hovudfråsegn, og dette blir eit tillegg.

Korreksjonar og tillegg til den førebels fråsegna vår av 23.05.2011:

I "Sluttkommentar" på siste side i fråsegna er det dessverre ein stygg skrivefeil, ein svært vesentleg "u" mangla først i eit ord. Det 2. avsnittet i Sluttkommentar skal vere slik:

"Slik vi ser det, legg den konsesjonssøkte utbyggingsløysinga heilt einsidig opp til å tene interessene til utbyggjarane, medan interessene til nokre av naboane, næringsinteresser knytte til reiseliv, særleg campingplassen ved utløpsosen, og dei store ålmenne interessene knytte til landskap, friluftsliv med elvepadling og – klårt viktigast – fiske, i stor grad vert fullstendig neglisjerte. Det heile er etter vårt syn fullstendig uakseptabelt. Og direkte oppsiktsvekkande blir det når utbyggjarane har valt å sjå bort frå både NVE, Gloppen kommune, Fylkesmannen, ei rekke andre høyringsinstansar sine krav, **og Breim Kraft AS sine eigne lovnader**, om å utgreie eit alternativ med plassering av kraftstasjonen oppstrøms Seime bru! Dette vitnar om liten respekt for både NVE, Gloppen kommune, naboar og dei mange andre som har store interesser knytte til den nedste delen av elva og utløpsosen."

I det vi skreiv under **"Alternative utbyggingsløysingar"** om å utgreie eit alternativ med utslepp frå kraftstasjonen mellom Seime bru og Raad bru, skreiv vi berre om å ha dette utsleppet på sørsida av elva. Vi har seinare fått opplyst at plassering av utsleppet på nordsida av elva også kan vere aktuelt. Kanskje til og med meir aktuelt. Vi ber derfor om at dette også vert med i vurderingane.

Tilleggskommentarar og –synspunkt til den førebels høyringsfråsegna:

I ein E-post av 29.08.2011 frå utbyggjarane v/Multiconsult til Gloppen kommune og med kopi til NVE v/sakshandsamaren, vert det frå utbyggjarane si side hevda at dei har oppfylt krava i NVE sitt utgreiingsprogram. Vi er ikkje einige verken i argumentasjonen eller konklusjonen, spesielt ikkje ettersom Breim Kraft AS som svar på Gloppen kommune sitt krav om at: "4. Eit alternativ der vatnet blir ført attende til elva mellom Norsk Fjordhestgard og Seime bru må greiast ut.", skreiv til NVE at: "4. Eit prosjektaalternativ som opprettheld vassføringa i nedre del av Storelva (utløp ovanfor Seime bru) vil bli greia ut i konsesjonssøknaden." Då har dei alt bunde seg opp til å gjere dette, etter vårt syn. **Vi ber NVE vurdere spørsmålet.** (Meir om kva vi sjølv meinar, står i den førebels fråsegna.)

I konsekvensutgreiinga om ferskvassøkologi blir det mellom anna opplyst at "Fraføringen av vann fra Storelva vil gi bedre rekrutterings- og produksjonsforhold for fisken i denne delen, - - -". Sjå konsekvens-



Postadresse: Pb. 10, 6801 Førde
E-post: sogturla@online.no
Organisasjonsnr. 971 529 474

Besøksadresse: Langebruvegen 9, Førde
Heimeside: www.turistforeningen.no/sognogfjordane
Banksamband: Sparebanken Sogn og Fjordane konto 3705 03 32455

Tlf. 57 72 06 14

utgreiinga for fullstendig grunngeving og argumentasjon. Vi har ikkje fagkunnskap nok til å vurdere kvaliteten på desse opplysningane, så den kan vi ikkje uttale oss om. Men det er ein ting vi saknar: På den utbygde elvestrekninga vil ”normaltilstanden” mesteparten av året verte svært låg vassføring (= minstevassføringa + litt meir, avhengig av nedbør og kvar på elvestrekninga ein er). Men ettersom elva ikkje er regulert, vil vassføringa i flaumsituasjonar bli **ekstremt** mykje større enn det som har vorte den nye svært låge ”normalvassføringa”. (Skilnaden vert større dess mindre minstevassføringa er.) Vassføringa i dei aller største flaumane vil bli tett opp under det som er maksimal flaumvassføring i dag. Kva vil skje med fisken i elva når slike situasjonar oppstår? Kva skjer med gyteplassane og rogna, til dømes? Vi kan ikkje sjå at slike problemstillingar har vorte drøfta i det heile i konsekvensutgreiinga. (Vi håpar vi ikkje har oversett noko.) **Vi ber NVE vurdere om det er trøng for ei tilleggsverdning av dette spørsmålet. Vi ber også NVE vurdere om dette er eit argument for fastsetting av større minstevassføring enn konsesjonssøkt.**

Eit sentralt spørsmål for mange i denne saka, er kva som vil skje med det svært gode fisket i elveosen i Breimsvatnet, viss elva blir utbygd som konsesjonssøkt. Det har av fleire vorte hevdat at dette er ein av landsets aller beste innlandsfiskeplassar, kanskje den beste. Vi veit for lite til å kunne stadfeste akkurat det, men at osen er ein svært god fiskeplass, finst det ingen som helst tvil om.

Konsekvensutgreiingane etterlet ingen tvil om at fisket i elveosen vil bli därlegare. I utgreiinga om Friluftsliv og reiseliv er konsekvensen for ”Fiske ved osen” i driftsfasen vurdert til ”Middels til stor negativ”. Men i eit lesarinnlegg frå utbyggjarane i avisa Firda 31.08.2011 (sjå vedlagde kopi av den aktuelle avissida) kan vi lese mellom anna følgjande:

”INNGREP. Det er hevdat at elveosen blir skadelidande av utbygginga. I realiteten er det høgda på vatnet som avgjer korleis elveosen ser ut. Det blir mindre vatn i elva, men ikkje i osen. Vi meiner difor at både osen og stranda på Seime vil framstå med dei same gode naturverdiane som i dag. Som avbøtande tiltak blir det bygd tersklar i elva. Biologen Harald Sægrov har gjort undersøkingar i Breimsvatnet og Storelva både i -95, -96 og -08, og er godt kjent i området. Han konkluderer med at fisk og ferskvatnorganismar i liten grad blir påverka av ei utbygging. Det blir derimot mindre breslam i nedre del av elva, og den biologiske produksjonen aukar som følgje av dette. Fisket blir like bra eller betre enn i dag.”

Vi ber NVE vurdere innhaldet i **heile** lesarinnlegget, og spesielt det som står i den siste siterte setninga ovanfor. Meininga med slike lesarinnlegg er, reknar vi med, frå utbyggjarane si side å påverke lesarane og ikkje minst dei politikarane som skal gjere sine vedtak i utbyggingssaka. **Vi ber NVE vurdere om informasjonen i dette og andre innlegg kan vere av ein slik karakter at det kan bidra til å svekke tilliten til dei politiske vedtaka som vert gjort i saka.** NB! I skrivande stund er det ingenting som tyder på det.

Til orientering legg vi også ved kopi av eit anna lesarinnlegg utbyggjarane har skrive. I tilknyting til det som står der, kan det vere grunn til å spørje: Er det berre ”Delar av miljørørsla” som har ”ytra seg negative”? Eller er miljørørsla først og fremst høvelege ”syndebukkar” for utbyggjarane når dei skal påverke politikarar? Og kan det reelle til dømes vere slik at nokre av dei **aller** største motstandarane av den konsesjonssøkte utbygginga, er ulike slags naboar som bur og/eller driv næringsverksemd i nærlieken av elveosen, og ikkje ”miljørørsla”? NVE vurderer sjølv sagt dette spørsmålet mykje betre enn oss, ut frå innkomne fråsegner m.m.! Både utbyggjarane og vi er nok inhabile.

I tilknyting til same tema, viser vi til det som står på Firda Tidend på denne linken
<http://www.firdatidend.no/nyhet.cfm?nyhetid=7133>

For ordens skull gjer vi merksam på at Alvar Melvær ikkje har uttalt seg om denne saka. Derimot har Sogn og Fjordane Turlag skrive fråsegner der Alvar Melvær har vore sakshandsamar. Men vi har problem med å sjå den store samanhengen mellom Rådmannen i Gloppen si saksutgreiing og våre fråsegner – bortsett frå at dei omhandlar same sak. NVE får vurdere det, vi er framleis inhabile.



Vi legg til orientering ved ytterlegare eit avisutklipp, frå Firda 02.09.2011.

Attende til sjølve utbyggingssaka:

Som avbøtande tiltak for elvepadlarane, er det i konsekvensutgreiinga for friluftsliv og reiseliv vurdert om det skal sleppast ei ekstraordinært stor minstevassføring på dagtid ein laurdag i månaden frå mai til september. Dette synest vi er eit svært konstruktivt framlegg frå utbyggjarane si side, og det kan vere aktuelt uansett kvar kraftstasjonen vert plassert. Kanskje er ikkje dette ei ideell ordning sett frå elvepadlarane si side. Kanskje kan ein få til løysingar som er enda betre tilpassa elvepadlarane sine behov enn akkurat ein laurdag pr. månad, og det utan at det fører til høgre produksjonstap for utbyggjarane. Men dette må elvepadlarane sjølv uttale seg om, vi veit for lite om deira ønskje/behov.

Turlaget sitt syn på utbygginga:

Vi viser til det som står under **"Sluttkommentar:"** i fråsegnå vår av 23.05.2011, men då med rettinga vi har omtala midt på side 1 i denne fråsegnå.

Vi held fast ved at den konsesjonssøkte utbyggingsløysinga er **fullstendig uakseptabel** sett frå vår synsstad. Skadeverknadane vert altfor store på ei heil rekkje område, både ikkje-kommersielle (som vi er mest opptekne av) og kommersielle.

Men vi held også fast ved at viss det blir presentert ei utbyggingsløysing der utsleppet frå kraftstasjonen blir på ein høveleg stad mellom Seime bru og Raad bru så vil vi vurdere ei slik løysing med mykje meir velvilje. Vi føreset då at ei eventuell slik løysing vert send på ny høyring når den er klar.

Sakshandsamar hos oss er underskrivne, tlf. 57 82 69 05, E-post: alvar-m@online.no.

Venleg helsing
SGON OG FJORDANE TURLAG
Naturvernutalet

Alvar Melvær (sign.)
leiari



Postadresse: Pb. 10, 6801 Førde
E-post: sogturla@online.no
Organisasjonsnr. 971 529 474

Besøksadresse: Langebruvegen 9, Førde
Heimeside: www.turistforeningen.no/sognogfjordane
Banksamband: Sparebanken Sogn og Fjordane konto 3705 03 32455

Tlf. 57 72 06 14